

Detaljregulering for Djupvika avløpsanlegg

Planomtale

PlanID: 2022002173



Dokumentinformasjon

Oppdragsgjevar: Sula kommune
Tittel på rapport: Detaljregulering for Djupvika avløpsanlegg
Oppdragsnamn: KRA - Overføringsanlegg
Oppdragsnummer: 637269-04
Utarbeidd av: Irene Dyrnes Rokstad
Oppdragsleiar: Anna Hellstrøm
Tilgjenge: Open

Kort samandrag

Planomtalen er ein del av planforslaget for Djupvika avløpsanlegg. Dokumentet beskriv eksisterande forhold, planens formål, hovudinhald og verknadar, samt plana sitt forhold til rammer og retningslinjer som gjeld for området.

Ver	Dato	Beskriving	Utarb. av	KS
02	02. mai 2024	Mindre justeringar	IDR	AH
01	18. mar. 2024	Planomtale til første gangs innsending	IDR	AH

Forord

Asplan Viak har utarbeida reguleringsplanen på oppdrag for Sula kommune. Det er planlagt eit felles reinseanlegg for Sula og Ålesund kommer på Kongshaugen, som også medføre eit behov for nytt overføringsanlegg med tilhøyrande pumpestasjonar. Planarbeidet er gjort i tett samarbeid med ingeniørar. Det har vært viktig å sikre ny pumpestasjon i området, avgrense verknader for omgjevnadene, og ta omsyn til naboar, kulturminna og dyrka jord.

Ålesund, 18.03.2024

Anna Hellstrøm

Oppdragsleiar

Irene Dyrnes Rokstad

Arealplanleggar

Innhald

No table of contents entries found.

1. Samandrag

Sula og Ålesund kommune starta i 2016 samarbeidet om å greie ut moglegheita for et felles avløpsreinseanlegg på Kongshaug i Sula kommune. Nokon av dei eksisterande anlegga skal overførast til det nye reinseanlegget på Kongshaugen. Det vil medføre utbetring og eventuelt nybygg av pumpestasjonar på allereie regulerte tomter, mens andre områder må regulerast. RA2-Djupvika er i dag eit reinseanlegg for deler av Sula. Anlegget skal no bli erstatta av hovudanlegget på Kongshaugen, men det er behov for en pumpestasjon for området for å kunne føre avløpsvatnet til Kongshaugen. Det er i den samanheng behov for detaljregulering av området for tilrettelegging av nytt formål.

Ny pumpestasjon vil gjere det mogleg å avvikle dagens reinseanlegg, og gir økt kapasitet og overføring av avløpsvatn til det nye reinseanlegget på Kongshaugen. Reinseanlegget på Kongshaugen ivareteke krav til sekundærreinsing.

I forbindelse med prosjektet er det laga ein animasjonsfilm som forklarar bakgrunnen for arbeidet, kva som skal etablerast, samt ei forklaring av sjølve reinseprosessen. Filmen kan du sjå her: <https://blafjordar.no/om-prosess-og-anlegga/korleis-skjer-reinsinga-i-anlegget/>

2. Bakgrunn

2.1. Hensikten med planen

Sula kommune sine eksisterande reinseanlegg er gamle, utdaterte og stetter ikke dagens krav til reining i forureiningsforskrifta. Frist for etablering av reinesystem som stetter krava i forureiningsforskrifta var for Sula kommune i utgangspunktet 31.12.2015. Sula kommune har saman med Ålesund kommune søkt om fritak frå krav om sekundærreinsing og utsleppsløyve. Begge kommunane har eit midlertidig fritak frå sekundærreinsekravet, men må innstille seg på å innfri dette kravet på sikt. Miljødirektoratet har bedt om strengare praksis for tildeling av dispensasjon for sekundærreinsekravet.

Føremålet med reguleringsplanen er å etablere ny pumpestasjon i Djupvika, for overføring av avløpsvatn til reinseanlegget på Kongshaugen. Foreslått formål for ny pumpestasjon er avløpsanlegg. Det må også leggast til rette for tilkomstveg, snuplass og landtak for sjøleidningar. Eksisterande reinseanlegg skal bli avvikla, men bygningsmassen blir ståande ettersom bygget også inneholder vassleidning.

2.2. Forslagsstillar, plankonsulent, eigarforhold

Sula kommune er tiltakshavar for reguleringsplanen. Asplan Viak er engasjert som plankonsulentar med ansvar for utarbeiding av forslag til detaljreguleringsplan. Grunneigedommar som røres av planforslag er lista opp i tabellen under.

Gards- og bruksnummer	Eigar
87/167, 175, 183	Sula kommune
87/14	Svein Jarle Fiskerstrand
87/248	Veibust AS
87/12	Arvingar til Liv Judith Dybvik

2.3. Tidlegare vedtak i saken

Nedanfor er ei kronologisk oversikt over dei politiske vedtakene som er gjort i sakane knytt til overføringsanlegget og reinesystemet i Sula kommune:

- K-sak 2010-062, kommunedelplan avløp, vedtak om planprogram
- K-sak 2011-015, val av strategi
- K-sak 2012-039, kommunedelplan avløp, rullering
- K-sak 2013-046, kommunedelplan avløp, plassering av reinseanlegg Sunde

- K-sak 2013-078, kommunedelplan avløp, plassering av reinseanlegg Sunde
- K-sak 2016-025, vedtak om å utgribe samarbeid med Ålesund kommune
- K-sak 2016-109, kommunedelplan avløp, vedtak om å fortsette samarbeidet med Ålesund kommune
- K-sak 2017-086, framdriftsplan for realisering av avlaupsanlegg for Sula kommune
- K-sak 2017-087, midlertidig reinseløsing Sunde U4
- K-sak 2018-014, Innbyggjarforslag - utgriing av alternativ plassering for framtidig kloakkreinseanlegg
- K-sak 2018-015, Interpellasjon frå Miljøpartiet Dei Grøne
- K-sak 2018-026, samarbeid med Ålesund eller eige anlegg for Sula
- P-sak 2018-071, Oppstart av planprosess - Kloakkreinseanlegg Kvasnes
- P-sak 2018-099, Varsling av planarbeid for felles avlaupsreinseanlegg på Kvasnes
- K-sak 2018-027, Sunde - midlertidig reinseløsing
- K-sak 2019-024, Avtale om kostnadsfordeling, planlegging
- P-sak 013/21, Godkjenning av forprosjekt og vidare samarbeid om Kvasnes avløpsreinseanlegg
- K-sak 45/21, Godkjenning av forprosjekt
- K-sak 016/22, Avtale mellom Sula og Ålesund kommunar om samarbeid om prosjektering og etablering av felles avløpsreinseanlegg på Kvasnes
- K-sak 060/22 Interpellasjon om alternative løysingar
- K-sak 066/22, Val av utsleppspunkt
- K-sak 007/23, informasjon om alternative avløpsanlegg og reinseprosesser
- K-sak 021/23, vedtak av reguleringsplan for Kongshaugstranda reinseanlegg
- K-sak 032/23, Nytt felles avløpsreinseanlegg - val av organisasjonsform
- P-sak 042/12, Klager på vedtak om reguleringsplan for Kongshaugen reinseanlegg blei ikkje tatt til følgje.
- K-sak 085/23, Kommunestyre bestemte at det ikkje skal bli gjort vedtak i tilknyting interpellasjon frå Sula FrP, knyta til oppretting av hurtigarbeidande mellombels utval - alternative løysingar på avlaupssituasjonen i Sula.
- F-sak 002/24, Vedtak om å legge framforhandla avtalar om grunnkjøp til grunn for realisering av Kongshaugen reinseanlegg.

2.4. Krav om konsekvensutgreiing

Det er gjort ei vurdering av om planarbeidet er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar. Tiltaket kommer ikkje inn under § 6, Planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiaast, da det er eit pumpeanlegg av lita størrelse. Det er vurdert at pumpeanlegg ikkje er det same som reinseanlegg som angitt i Vedlegg 1, da anlegget ikkje vil ha jamleg utslepp (berre i unntakssituasjon ved til dømes straumstans), og dagens reinseanlegg vil bli fjerna.

Tiltaket kjem heller ikkje inn under § 8, Planer og tiltak som skal konsekvensutgreiaast om dei kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Bokstav a. gjelder reguleringsplanar for tiltak i vedlegg II. I vedlegg II, nr 11c: Reinseanlegg for spillvatn. Som over vurderast det at tiltaket ikkje faller inn under kategorien reinseanlegg, og at tiltaket ikkje vil få vesentlege verknader for miljø og samfunn. Situasjon etter at tiltaket er etablert vil medføre ei forbeting av dagens situasjon med tanke på utslepp.

2.5. Avløpssystem i Sula og Ålesund kommunar


2.5.1. Dagens avløpssystem

Det kommunale avløpssystemet er beskrive komunedelplanen [Hovudplan for avløp 2011-2021](#) og i resipientundersøking som Ålesund og Sula kommunar har utarbeidd i fellesskap i 2004, 2012 og 2019. Kommunane har avløpsreinseanlegg som ikkje innfrir utsleppskrava både på grunn av slitasje, utdatert prosessutstyr og overbelastning av tilført framandvatn.

2.5.2. Nytt overføringsanlegg

Nytt og effektivt reinseanlegg på Kongshaugen krev også et nettverk av overføringsleidningar. For å sikre effektiv drift ser ein etter traséar der ein i størst mogleg grad får sjølvfall for vatnet. Det er fordi ein ønsker minst mogleg pumping for å kutte energibruk, kostnader og dermed få lågare klimaavtrykk.

I vurderingane av plassering av pumpestasjonar og ventilkummer må en ta omsyn til friluftsområde, høgder/terren, verneverdig natur, fornminne etc. Same gjeld i sjø. Der må ein ta omsyn til kulturminne, naturvernområde, fisk, båttrafikk, vær, bølger, straumforhold, botnforhold og andre installasjonar. Dei fleste tiltaka kan bli plassert på offentleg eid areal, men nokre plassar vil det medføre arealbeslag på enten landbruksareal og/eller privat grunn.




Figur 1 Foreløpig arbeidsskisse over overføringsanlegget, dato 15.11.2023.

3. Planprosessen


3.1. Varsel om oppstart

Det blei varsle oppstart av planarbeidet 10.02.23. Grunneigarar og myndigheter blei varsle i brev, og det blei annonsert i Sulaposten. Frist for å sende innspel til planarbeidet vart satt til 10.04.23, og det kom inn totalt 13 innspel.



Figur 2 Plangrense til varsel om oppstart.

Den 21.12.23 vart det sendt ut eit varsel om utviding av planområdet. Plangrensa vart justert austover langs Tingstadvika. Frist for å komme med innspel til det nye varselet var satt til 11.02.24. Det kom inn 9 nye innspel, og alle innspela frå begge varslingane er samla og vurdert i eiga vedlegg.



Figur 3 Kart med justert plangrense frå varsling 21.12.23.

3.2. Medverkingsprosess

Det har vært gjennomført møter med fleire grunneigar i planområdet for å informere og diskutere løysningar. Grunneigar har også sendt inn skriftleg merknad, som er vurdert og lagt ved i eiga vedlegg. I desember 2023 vart det utført synfaring saman med nabo på gnr. 87/97.

4. Planstatus og rammer

4.1. Overordna planar

4.1.1. Fylkeskommunale planar


- Regional vassforvaltningsplan i Møre og Romsdal 2022-2027
- Fylkesplan for Møre og Romsdal 2021-2024

4.1.2. Kommuneplanen

Følgjande kommuneplanar gir føringer for planarbeidet:

- Kommuneplanens samfunnssdel 2010-2020
- Kommuneplanens arealdel 2015-2025

I kommuneplanens arealdel 2015-2025 er området rundt eksisterende reinseanlegg avsett til framtidig offentleg eller privat tenesteyting. Vest for planområdet er arealet avsett til Andre typar nærmare angitt bygnader og anlegg, og i sørvest er området avsett til Næringsverksemd. Arealet nord og aust for dagens reinseanlegg er avsett til framtidig Grønstruktur og bevaring kulturmiljø. Foreslått planavgrensing kjem inn på alle disse områda i bakken. Aust for planområdet er det avsett større områder til bustader.



Figur 4 Utsnitt fra kommuneplanens arealdel

4.2. Gjeldande reguleringsplanar

Deler av planområdet er regulert gjennom *Reguleringsplan for Djupvika* fra 27.10.1987. I planen er vegen Tingstadvika regulert gjennomgående bort til planområdet, og areala rundt er avsett til industri. Det er også avsett areal til naust vest for dagens reinseanlegg.



Figur 5 Gjeldande reguleringsplan

4.3. Temaplanar


4.3.1. Kommunedelplan avløp, 2011-2021

Sula kommune sin hovedplan for avløp gjer greie for status for reinseanlegg i kommunen.

«Sula kommune har i dag to reinseanlegg, RA1 i Langevåg og RA2 på Fiskarstrand. Begge anlegga er siler av type Masko-Zoll. Dette er reine silanlegg som ikkje vil kunne klare krava til primærreinsing. Det er berre ei reinseline på kvart anlegg. Mykje avløpsvatn går ureinsa i fjorden når det er tekniske problem på silanlegga. I tillegg til RA1 og RA2 er det også utslepp til fjorden frå Sunde (U3), Eikrem (U4), Kvasneset (U5/U6) og Sulebust (U11).»

Hovudplan for avløp viser også et framtidsbilde for reinseanlegg der kommunestyret i Sula vedtok 10.05.2012 ny hovedstruktur for avløp basert på følgjande tiltak:

- RA1 Langevåg fortsatt drift. Oppgraderes for å tilfredsstille primærreinsekrav.
- RA2 Fiskerstrand bygges om til pumpestasjon. Overføres til nytt primærreinseanlegg RA14 ved Sunde.
- SA3 Eikrem fortsatt utslepp til god sjøresipient via slamavskillar.
- SA11 Sulebust utslepp til god sjøresipient via slamavskillar.



Overføring frå RA2 Fiskarstrand til nytt reinseanlegg RA14 ved Sunde

Figur 6 Kart frå hovedplan for avløp 2011-2021

4.4. Statlege og regionale retningsliner/rammer/føringar

Følgjande statlege retningsliner gir føringar for planarbeidet:

- Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegging (1995)
- Statlege planretningsliner for samordna bustad- areal- og transportplanlegging (1995)
- Forskrift om rammer for vassforvaltninga (vassforskrifta), FOR-2006-12-15-1446
- Forskrift om redusering av forureining (forureiningsforskrifta), FOR-2004-06-01-931

4.4.1. Vassdirektivet

Det overordna målet med EU sitt vassdirektiv er å fastsetje ei ramme for beskyttelse av vassdrag og sjøar, brakkvatn, kystvatn og grunnvatn. For å følgje opp direktivet vedtok Noreg i 2007 vassforskrifta.

4.4.2. Avløpsdirektivet

Avløpsregelverket tar seg av krava i EU sitt avløpsdirektiv (1991/271/EØF og 1998/15/EØF) om reinsing av vatn frå tettstader, og er omhandla i kapittel 14 i forureiningsforskrifta. EU sitt avløpsdirektiv har som hovudkrav at det skal være sekundærreinsing på kommunalt avløpsvatn frå tettstader med ein samla maks belastning på over 10 000 PE i sjø per veke. Krava til reinsing avheng av utsleppa si samla belastning, typen resipient og tilstand, samt den samla storleiken på utsleppa frå tettstaden. Strengare krav i nytt avløpsdirektiv er forventa vedtatt i løpet av 2024.

5. Skildring av planområdet, eksisterande situasjon

5.1. Planområdet si plassering

Planområdet ligg i Sula kommune, vest for Tørla, og øst for Langevåg.

Føreslått plassering av ny pumpestasjon er nord for fylkesveg 657, Fiskarstrandvegen.


Planområde er ca. 6 dekar.



Figur 7 Oversiktskart, planområdet markert med svart ring ved Djupvika.

5.2. Dagens arealbruk og tilstøytane arealbruk

Det ligg eit eksisterande reinseanlegg på tomta i dag. Mellom sjøen og planområdet ligg det eit område med naust. Sørvest for planområdet ligg det næringsverksemd (Jakob og Johan Dybvik AS og Dybvik fiskeforretning). Sør for planområdet ligg det ein einebustad, og det ligg fleire einebustader aust for området langs Eliasgarden og Eliashaugen.



Figur 8 Eksisterande reinseanlegg markert med rød ring. Kjelde: Google Earth

5.3. Staden sin karakter og landskap

Området ligger vestvendt, i skrånande terrenget ned mot sjøen fra ca. +10 moh til havnivå.

Planområdet er omringa av opne jorder i aust og sør. Nord for tomta ligger

Hammarsneset, som er eit vegetasjonskledd område ut mot sjøen.



Figur 9 Området sett frå vest. Kjelde: Google Earth


5.4. Kulturminne og kulturmiljø

Det er registrert ein steinalderbuplass nord for planområdet som er automatisk freda.

Det er også SEFRAK-registrerte bygningar på Hammarsneset og rundt det automatisk freda kulturminnet, dei er vist med trekantar i kartet under. Gul trekant betyr at bygget ikkje er omfatta av Kulturminnelova, mens grå trekant betyr at det er ruin eller fjerna objekt.

I samband med planarbeidet blei det gjort to arkeologiske registreringar. Den første vart utført sommaren 2023. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne, men det vart funne fem små bitar av tilverka flint. Det låg spreidd i området som lausfunn, og vart funne under prøvestikking mellom 20-40 cm. under overflata. Etter varsel om justert plangrense blei det gjort ei ny registrering i mars 2024 utan funn.

Lausfunn frå 2023 er markert som tre lilla punkt lengst sør i kartet under.



Figur 10 Kulturminne. Kjelde: Kulturminnesøk

5.5. Naturverdiar


Det er ikkje registrert sårbare naturtypar innan eller i nær tilknyting til planområdet.

Planområdet grenser til Borgundfjorden, som er eit nasjonalt viktig gyteområde for torsk.

Det er ikkje registrert sårbare arter i området iht. artsdatabanken.

5.6. Landbruk

Arealressurskartet viser fulldyrka jord, skog og innmarksbeite innanfor planområdet. Deler av planområdet er bebygd.



Figur 11 Arealressurskart. Kjelde: Nibio

5.7. Rekreasjonsverdi

Det er ikkje registrert kartlagde friluftslivsområder eller statleg sikra friluftslivsområder i nærleiken av planområdet. Deler av planområdet er markert som mogleg tilgjengeleg strandsone.



Figur 12 Potensielt tilgjengeleg strandsone. Kjelde: Naturbase

5.8. Trafikkforhold

Tilkomst til planområdet er fra Fiskarstrandvegen og Tingstadvika i sørvest. Fylkesveg 657 Fiskarstrandvegen har ein årsdøgntrafikk på 5250 (vekart.no, 2021), det er ikkje gjort trafikkteljingar på vegen Tingstadvika. Det ligg busshaldeplass ved hovudvegen (Erdal). Det er ikkje registrert ulykker i nærleiken av planområdet. Det er opparbeidd gang- og sykkelveg langs hovudvegen Fiskarstranda. VA-anlegget og naustrekka bruker køyreareal inne på fabrikkområdet som tilkomst.

5.9. Born sine interesser


Langevåg skule har gjennomført barnetråkk i området. Det er ingen registreringar nord for fylkesvegen. Elles er born sine interesser i hovudsak knyta til sjøkanten, kulturminne og skogsområdet.

5.10. Teknisk infrastruktur

Det ligg eit eksisterande reinseanlegg på i området dag. Bygget inneheld også hovedfordeling av vasstilførselen i kommunen. Figurane under viser eksisterande VA- og straumleidningar i området.




Figur 13 Eksisterande VA-leidningar i området.



Figur 14 Eksisterende 132 kV straumkabel markert med lilla.

5.11. Grunntilhøve

Ifølge lausmassekartet til NGU består grunnen rundt planområdet av morenemateriale i samanhengende dekke, med stadvis stor mektigheit. På nordsida av planområdet er det også morenemateriale, men usamanhengende eller i tynt dekke over berggrunnen (amfibolitt). Det er ikke registrert mogleighet for marin leire i området.



Figur 15 Kvartærgeologisk kart (lausmasser). Kjelde: NGU

5.12. Støytihøve

Fiskarstrandvegen er nærmeste støykjelde til planområdet. Planområdet er likevel ikkje utsett for støy frå vegen, og tiltaket er ikkje støysensitivt.

5.13. Luftforureining og grunnforureining

Det er ikkje registrert forureining eller mistande om forureining i grunnen. Iht.

Miljødirektoratets fagbrukarteneste for luftkvalitet er luftkvalitetskriteriet ivaretatt i området.

5.14. Risiko og sårbarheit, eksisterande situasjon

I forbindelse med planforslaget er det gjennomført en risiko- og sårbarheitsanalyse.

Denne er gjort i tråd med Statsforvaltarens sjekkliste for ROS. Følgande moglege uønskte hendingar er identifisert som følge av gjennomgang av sjekklista:

- Urban flaum/overvatn
- Stormflo og havnivåstigning
- Akutt forureining
- Bortfall av energiforsyning
- Svik i overvatn- og avløpshandtering

	UØNSKA HENDINGAR	AKTUELL?	
		Ja/ne i	Grunn for svar
Natur-hendingar	Ekstremvær		
	Storm og orkan	Nei	Framherskande vindretning er frå sør, nordaust og søraust. Planområdet ligg ope ned mot fjorden i nordvest. Det er lite som tyder på at området er meir utsett for ver enn andre områder i nærleiken.
	Lyn- og tordenver	Nei	Ikkje særskild utsett område
	Flaum		
	Flaum i sjø og vassdrag	Nei	Ikkje markert som fareområde i NVEs kartdatabase og stormflo.
	Urban flaum/overvann	Ja	Jf. NVEs kartdatabase viser ikkje fare for flaum eller overvatn. DSB.no sitt kart over markfuktigkeit viser eit område der omsyn til overvatn er viktig.



	Stormflo	Ja	Tiltaket vil ligge over kote + 4 og kjem inn i område for framtidig stormflo nivå eller bølgjer i NVEs kartdatabase. Landtaket for avløpsleidningar må byggast slik at det er sikra mot bølgjer.
Skred			
	Skred (kvikkleire, jord, stein, fjell, snø)	Nei	Det er ikke registrert skredområde innanfor planområdet. Aust for Hammarsneset er det eit aktsemråde for snøskred- og steinsprang.
Skog- og lyngbrann			
	Skogbrann	Nei	Området ligg i/inn mot eit skogsområde i nord, men tiltaket vil i seg sjølv ikke gi auka brannfare. Evt. brannfare handterast i anleggsfase og er dekka av byggherreforskrifta.
	Lyngbrann	Nei	Ikkje relevant for planområdet.
Andre uønska hendingar	Transport		
	Større ulykker (veg, bane, luft, sjø)	Nei	Tiltaket ligg ikkje i direkte tilknyting til det overordna transportnettet og genererer svært lite trafikk. Det er ikke kjente ulykkesområde i nærleiken av planområdet.
	Næringsverksemd/industri		
	Utslepp av farlege stoff	Nei	Området ligg innanfor aktsemråde for radon, med moderat til låg aktsemd. Dette gjeld store delar av landsdelen, og handterast gjennom prosjektering etter TEK 17. Tiltaket verker ikkje inn på eksisterande industri i området.
	Akutt forureining	Ja	Det er ikke avdekkja forureina grunn jf. Miljødirektoratets kartlegging av forureina grunn. Dersom pumpestasjonen er ute av drift over ein lengre periode kan det medføre utslepp av ureina avløpsvatn til recipient.
	Brann, eksplosjon i industri (tankanlegg, oljeterminal, LNG-anlegg, raffineri)	Nei	Det er ikke planlagt eksplosiv industri/tiltak, og det er ikke avdekt slik verksemd i nærleiken.
	Brann		
	Brann i transportmiddel (veg, bane, luft, sjø)	Nei	Ikkje relevant for planområdet, lite trafikkerte vegar og svært avgrensa trafikk til tiltaket.
	Brann i bygningar og anlegg (sjukehus, sjukeheim, skole, barnehage, idrettshallar/tribuneanlegg, asylmottak, fengsel/arrest, hotell, store arbeidsplassar, verneverdig/freda kulturminne)	Nei	Ikkje aktuelt med tanke på tiltaket sin art.
	Eksplosjon		
	Eksplosjon i industriverksemd	Nei	Ikkje relevant for planområdet
	Eksplosjon i tankanlegg	Nei	Ikkje relevant for planområdet
	Eksplosjon i fyrverkeri- eller eksplosivlager	Nei	Ikkje relevant for planområdet
	Svikt i kritiske samfunnsfunksjonar/infrastrukturar		
	Dambrudd	Nei	Ikkje aktuelt for planområdet
	Distribusjon av forureina drikkevatn	Nei	Ikkje aktuelt for planområdet

	Bortfall av energiforsyning	Ja	Bortfall av energiforsyning vil føre til at pumpestasjonen sluttar å fungere, og dette kan gi utslepp til recipient.
	Bortfall av telekom/IKT	Nei	Stasjonen vil fungere, men fjernstyring, logging og overvaking vil ikke vere mogleg.
	Svikt i vassforsyning	Nei	Vil ikke verke inn på pumpestasjonen.
	Svikt i avløpshandtering/ handtering av overvatn	Ja	Endringar på leidningsnettet i forbindelse med anleggfasen er dekkja av byggherreforskrifta. Formålet med planarbeidet er å etablere pumpestasjon for avløpshandtering. Dette vil erstatte eldre anlegg med behov for oppgraderingar. Svikt i overføringsnettet til det nye reinseanlegget kan føre til at ureinsa vatn går ut i recipientane via nødoverløp.
	Svikt i framkome for personar og varer	Nei	Alternativ køyrerute i anleggsfase vil være mogleg å gjennomføre om nødvendig.
	Svikt i nød- og redningstenesta	Nei	Anleggsfase forventast ikkje å redusere framkome i området.

6. Omtale av planforslaget

6.1. Planlagt arealbruk

Områda i planen skal nyttas til offentleg tilkomstveg og vass- og avløpsanlegg. Det er også tilrettelagt for allmenne interesser ved at det sikrast tilkomst til sjø og grøntarealet i nord gjennom arealformåla turdrag. Areal til ny pumpestasjon må ervervast frå gbnr. 87/12. Det er også naudsynt med grunnerverv for tilkomstvegen.

Eksisterande reinseanlegget blir avvikla når ny pumpestasjon er etablert. Eksisterande bygningsmasse blir likevel ståande på grunn av vassleidningar som må behaldast.

Det er også planlagt ny offentleg parkeringsplass og turveg ved eksisterande bygningsmasse. Dette vil sikre ny tilkomst til nausta og vil også kunne bli brukt av turgåarar.


Det er ønskeleg å plassere pumpestasjonen så høgt som mogleg i terrenget, dette vil spare energi i «all» framtid. Pumpestasjonen plasserast på kote +8 moh. Pumpestasjonen er planlagt å ha ei grunnflate på ca. 80 m², med møne ca. 6 meter over terrengnivå. Ved flatt tak vil pumpestasjonen ha gesims på ca. 4,5 meter over terrengnivå.

Dei tekniske hovudelementa i pumpestasjonen vil være:

- Pumpesump - dette er et «basseng» i underetasjen der avløpsvatnet samlast opp og føres inn i pumpene.
- Pumper - disse drives av elektromotorar og plasserast i underetasjen.
- Diverse rør og ventilar.
- Løfteutrustning/traverskran.
- Elektro- og automasjonsanlegg.
- Ventilasjonsanlegg for luftutskifting i rom.
- Luktreduksjonsanlegg med fotoaksidasjon/UV og/eller aktivt kull på lufterør frå pumpesump.

Med pumper plassert i underetasjen, luktreduksjonsanlegg, samt lydfeller på inntak og avkast for ventilasjon, forventast ikkje sjenerande lukt eller støy for omgjevnadane.

Illustrasjon fra en lignende stasjon:



Figur 16 Illustrasjon frå liknande pumpestasjon. Med pumper plassert i underetasjen, luktreduksjonsanlegg, samt lydfeller på inntak og avkast for ventilasjon, forventast ikkje sjenerande lukt eller støy for omgjevnadane.

6.1.1. Reguleringsformål

Formål (SOSI-kode)	Feltnamn	Areal (daa)
§12-5. Nr. 1 - Bebyggelse og anlegg		
Vassforsyningasanlegg (1541)	o_BVF	0,4
Avløpsanlegg (1542)	o_BAV	0,5
§12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur		
Køyreveg (2011)	o_SKV1 - o_SKV2	1
Annan veggrunn - grøntareal (2019)	o_SVG - o_SVG3	1
Parkeringsplassar (2080)	o_SPA	0,1
§12-5. Nr. 3 - Grøntstruktur		
Turdrag (3030)	o_GTD1 - o_GTD3	0,9
Turveg (3031)	o_GT	0,1
Vegetasjonsskjerm (3060)	o_GV	0,4
§12-5. Nr. 6 - Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone		
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (6001)	V1 - V3	0,8
Sum alle arealformål		
		5,2

6.2. Gjennomgang av aktuelle reguleringsformål

Kapittelet går gjennom kvart av arealformåla i reguleringsplanen.

6.2.1. Vassforsyningsanlegg

Område for eksisterande reinseanlegg regulerast etter dagens situasjon. Det skal ikke lenger reinsast vatn på stasjonen, men hovedfordeling av vassstilførselen i kommunen skal oppretthaldast. BYA er sett til 50%, med maks mønehøgde på 6 meter.

6.2.2. Avløpsanlegg

Område for ny pumpestasjon. BYA er sett til 30%, med maks mønehøgde på 6 meter. Nokke av arealet vil bli brukt som snu- og manøvreringsareal.

6.2.3. Køyreveg

Offentleg tilkomstveg til vass- og avløpsanlegga. Vegen er dimensjonert for lastebil i tråd med handbok N100 og lokal vegnorm. Det er lagt opp til å snu- og manøvreringsareal innanfor tomtearealet for avløpsanlegget (o_BAV).

6.2.4. Annan veggrunn

Annan veggrunn er grøft, fyllingar, skjeringar og anna sideareal til vegen. Arealet skal eiges av det offentlege.

6.2.5. Parkeringsplassar

Området skal nyttas til seks offentlege parkeringsplassar.

6.2.6. Turdrag

Området er avsett til turdrag for å sikre tilgjenge til strandsone og grøntareal i nord. Området skal eigast av det offentlege.

6.2.7. Turveg

Turvegen blir tilkomst frå offentleg parkeringsplass og ned til eksisterande naust. Turvegen skal grusast opp med minimum 1,5 meters bredde. Området skal eigast av det offentlege.

6.2.8. Vegetasjonsskjerm

Innanfor arealformålet er det tillate å etablere vegetasjonsskjerm kring pumpestasjonen for å skjerme mot eksisterande og ny busetnad. Området skal eigast av det offentlege.

6.2.9. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandzone

Områda i sjø er tatt med for å tillate å dekke til avløpsleidningar ved landtaket. Trasé for leidninga er ikkje prosjektert i reguleringsfasen. Det er regulert for tre ulike alternative traséar med tanke på fleksibilitet også i framtida.


6.3. Plassering og utforming av bygningar

Omsynet til kulturminna i nord, samt utfordringar med nødvendige grøftedybde/grøfteutslag og eksisterande VA-leidningar gjorde at ein ønska å unngå ei plassering nord i planområdet, tett på kulturminnet. Pumpestasjonen blei derfor plassert lengre sør for å ivareta kulturminne og grøntområdet, samtidig for å ha meir fleksibilitet knyta til tilgjengeleg areal og vegtilkomst. Bygget plasserast på kote +8 moh. Det er nødvendig med ei viss høgde på den tekniske installasjonen inne i bygget for at pumpestasjonen hydraulisk skal fungere. En må ha nok høgde for å få ut overløpsvatn. Terrenget og driftsomsyn gir dermed visse føringar til plasseringa. Tilstrekkeleg overdekning av rørene gir også føringar for høgde på vegen.


Illustrasjonane under viser tiltaka i planen i ein tenkt framtidssituasjon med utvikling av bustader i området i tråd med overordna plan. Eksempel på nye bustader er illustrert med oransje.




Figur 17 Illustrasjon av ny situasjon, vist med eksempel av framtidige nye bustader. Sett frå ny tilkomstveg i sørvest.



Figur 18 Området sett frå vest. Illustrert med eksempel på framtidige nye bustader.



Figur 19 Området sett frå vest. Illustrert med vegetasjonsskjerm og eksempel på framtidige nye bustader.



Figur 20 Sett fra søraust. Illustrert med vegetasjonsskjerm og eksempel på framtidige nye bustader.

6.3.1. Midlertidig fase

Områda #1og #2 i plankartet er tillate som midlertidig bygge- og anleggsområde fram til pumpestasjonen tas i bruk. Områda må settast i stand etter anleggsperioden.

6.4. Parkering

Parkering for driftskøyretøy løysast innafor tomteareal for o_BVF. I tillegg er det lagt til rette for offentleg parkering som kan nyttast.


6.5. Tilknyting til infrastruktur

I prosjekteringsfase må det tas omsyn til eksisterende infrastruktur. Ny pumpestasjon kan ikke plasserast der det går VA-leidningar frå før. Dagens anlegg inneheld reining av avløp og hovedfordeling av vasstilførsel til kommunen frå inntaksleidning som kjem over fjorden frå Ålesund kommune. Ein må også ta omsyn til høgspentleidning langs ny vegtrasé.

6.6. Trafikkløysing

Vegen er prosjektert i tråd med handbok N100 og kommunal vegnorm som tilkomstveg, og er dimensjonert for lastebil. Vegens sideareal skal opparbeidast samtidig som

veganleggset. Tilkomst er via kryss på fylkes 657. Vegteikning ligg ved planforslaget. Utsnitt frå området kring pumpestasjonen er vist under.



Figur 21 Ny vegtilkomst.

6.7. Miljøoppfølging

Pumpestasjonen prosjekterast med lydfeller og luktredusjonsanlegg. I tillegg er det fleire forebyggande tiltak for å hindre at lukt dannast. Det er tekniske løysningar som ivareteke krav knyta til luftforureining i forureiningsforskrifta.

6.8. Universell utforming

Som for andre prosessanlegg har ikkje pumpestasjonen universell utforming. Naustrekka vil få ny tilkomst via turveg frå ny parkeringsplass ved eksisterande reinseanlegg. Turvegen vil få en helling på opp til 11%, og er for bratt for å oppfylle krava til universell utforming. Grunna terrenget og leidningar i bakken er det ikkje mogleg å få ein mindre bratt turveg.

6.9. Uteområde, offentleg friområde

Det er tilrettelagt for offentleg turdrag og turveg for å sikre tilgang til strandsona. Det er ivareteke ei forbindelse i øst-vest retning, der kor dagens traktorveg går i dag.

6.10. Landbruksfaglege vurderingar

Plana medfører tap av jord og innmarksbeite som er registrert i gardskartet til Nibio. Totalt vil om lag 2 dekar fulldyrka jord og 0,5 dekar innmarksbeite omdisponerast. Det er satt krav om matjordplan før byggeløyve for å sikre at matjorda vert teken vare på ein annan stad.

6.11. Kulturminne

Planen rører ikkje ved dei eksisterande kulturminna som markert med omsynssone i kommuneplan. Det er utført to arkeologiske registreringar, som har frigitt områda i reguleringsplanen til utbygging.

6.12. Avbøtande tiltak/løysingar ROS

Det er sett krav om overvassløsing i rekkjefølgjekrav.

6.13. Rekkjefølgjeføresegn

Før igangsetjingsløye (felt o_BAV):

- Tekniske løysningar for veg, vatn-, avløps- og overvasshandtering skal detaljprosakterast og godkjennast i forbindelse med søknad om byggeløyve.
- Matjordlaget i områder for bygning og samferdsel skal brukast til oppfyllingsområder for nytt matjordareal, nydyrkning eller betring av anna dyrka eller dyrkbar mark til matproduksjon.

Før igangsetjingsløye kan gis skal det føreligge en matjordplan som viser følgjande:

Beskriving av matjorda som skal flyttast:

- Volum matjord på heile det dyrka/dyrkbare arealet
- Jordkvalitet

Vurdering og avklaring av mottaksareala:

- Fleire alternative mottaksareala skal presenterast og vurderast.
- Argumentasjon for val av mottaksareala.


Før bygning blir teken i bruk (felt o_BAV):

- a) Det skal dokumenterast at det er etablert løysning for overvatn og brannsløkkevatn før det kan gis bruksløyve.
- b) Turveg (o_GT), parkeringsplassar (o_SPA), køyreveg (o_SKV1-2) og vegetasjonsskjerm (o_GV) skal opparbeidast før det kan gis bruksløyve.

7. Verknader av planforslaget

7.1. Overordna planer

Foreslått arealformål er ikkje i tråd med overordna plan, og tiltaket vil røre ved areal avsett til næringsareal, bustad og ander typar bebyggelse og anlegg. Dette gjeld ikkje for eksisterande reinseanlegg som er i tråd med kommuneplanen. Etablering av tiltaket vurderast å være svært samfunnsnyttig og en viktig del etablering av avløpsanlegg og overføringsleidninga i Sula og Ålesund kommunar, som skal ivareta krav om sekundærreinsing. Tiltakets plassering og omfang vil ikkje ha vesentlege verknader knyta til utbygging i tråd med gjeldande kommuneplan i omkringliggende områder.



Figur 22 Planområde markert med svart linje, vist med gjeldande kommuneplanens arealdel og eigedomsgrenser.

7.2. Staden sin karakter og landskap

Staden sin karakter vurderast å ikkje bli endra som følgje av utbygging av pumpestasjonen og vegtilkomst. Deler av området er bygd ut, med industri i vest, naust, eksisterande reinseanlegg, og med relativt mange spreidde bustadar omkring. Nærmaste tilliggjande område er landbruksareal, som i framtida skal nyttas til bustadar og industri slik som det er lagt opp til kommuneplanens arealdel.

7.3. Byform og estetikk (bustadmiljø)

Det er vurdert fleire ulike plasseringar av den nye pumpestasjonen. Det har skjedd i samarbeid med ingeniørar og grunneigarane for å finne ei egna plassering som ikkje blir til blempe for nærmaste nabo og framtidig bustadutvikling slik det er lagt opp til i kommuneplanens arealdel. Tiltaket er relativt lite og vil ikkje ha negative verknader for området i eit større perspektiv. Nærmaste nabo på gbnr. 87/97 vil få endra utsikt, og kan oppleve det som ei blempe. Det er lagt til rette for ein vegetasjonsskjerm for å dempe dei visuelle verknadene.

7.4. Vurdering etter Naturmangfaldsloven §8-12

§8 Kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapsgrunnlaget bygger på registreringar i offentlege databasar og kartløysningar, som Artsdatabanken og Naturbase mm. Det er ikkje registrert sårbare naturtypar eller arter av forvaltningsinteresse innanfor planområdet. Det er derfor ingen førekomstar av relevans for planen.

§9 Føre-var prinsippet

Jf. §9 i naturmangfaldlova skal ikkje mangel på kunnskap brukas som grunngiving for å utsette eller unnlate å treffe eit forvaltingstiltak. Føre-var prinsippet slår inn når man ikkje har tilstrekkeleg med kunnskap for å kunne vurdere kva verknadar slutninga vil ha for naturmangfald. Naturvurderinga i planområdet er gjort med utgangspunkt i eksisterande data, henta frå nasjonale databasar. Det vurderast at eksisterande kunnskap er tilfredsstillande, og at føre-var prinsippet i dette tilfellet ikkje kjem til bruk.

§10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Jf. § 10 skal den samla belastninga på økosystemet vurderast. For å vurdere planforslagets konsekvens på naturmiljøet, skal samvirket mellom ulike påverkingar og tiltakets kumulative karakter i forhold til andre gjennomførte og planlagde tiltak vurderast. Planområdet ligg i eit område som er avsett til næring og bustadar i framtida. Inngrepet vil vere relativt lite og i tilknyting eksisterande reinseanlegg og naust. Nokke landbruksjord,

skog og innmarksbeite går tapt. Konsekvensane av tiltaket truleg være lite negativt for naturmangfaldet totalt sett.

§11 Kostnader med miljøsvekking skal bæres av tiltakshavar

Forslagsstiller er klar over at iht. § 11 i nml., skal kostnadar knytt til å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket fører til, dekkast av tiltakshavar, dersom dette ikke er urimeleg ut frå tiltakets og skadens karakter. Kostnadar ved å hindre eller avgrense skade inkluderer også forebyggande eller gjenopprettande tiltak. I dette kan det også føreligge kostnader for å skaffe kunnskap. Kostnadar for å hindre eller avgrense skade kan også være kostnadar ved overvaking av miljøtilstanden der en tillat verksemnd finner sted og som den kan ha effekt på.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder

Tiltaket er plassert i eit område utan registrerte naturverdiar eller fremmande arter. Formålet med totalprosjektet er å ivareta miljøforsvarleg teknikk og reinsemетодe for et reinare fjordsystem, regional utvikling gjennom lovleg system for avløpsvatn, og en berekraftig løysning for framtida. Planforslaget er vurdert opp mot forskrift om konsekvensutredningar og det er vurdert at tiltaket ikke fell inn under krav om konsekvensutredning iht. vedlegg 1 og 2.

7.5. Rekreasjonsinteresser/rekreasjonsbruk

Plana legg opp til offentleg turdag og turveg mot sjø for å sikre områda for allmennheita. Det leggast også til rette for offentleg parkeringsplass for nausteigarar og turgåarar. Eksisterande traktorveg er ivaretake i planen som ferdsselsforbindelse slik at den i framtida kan nyttast som forbindelse til strandsona og rekreasjon.

7.6. Trafikk

Dagens tilkomst til reinseanlegget går via privat grunn. Ny tilkomstveg skal vere offentleg og er dimensjonert for lastebil. Det vil betre tilkomstforholda til området som er positivt. Krysset ved fylkesveg kunne med fordel vert stramma opp med omsyn til mjuke trafikantar, dei må krysse eit köyreareal på ca. 20 meter. Det er ikkje forventa trafikkauke som følgje av tiltaket. Driftsbehovet vil reduserast samanlikna med dagens drift grunna nye og oppgraderte anlegg. Med bakgrunn i tiltakets art er det heller ikke venta ei auka ferdsel av mjuke trafikantar i området. Tiltak i reguleringsplanen i seg sjølv utløyser ikke utbetringsbehov i kryssområdet. Opparbeiding av veganlegga er sikra i rekkefølgjekrav.

7.7. Born sine interesser

Born sine interesser er hovudsak knyta til sjøkanten, kulturminne og skogsområdet.

Planforslaget verken rører eller beslaglegg areal knyta til desse områda. Plana legg opp til offentleg turdag mot sjø for å sikre områda for allmennheita.

7.8. Universell utforming

Turvegen vil få en helling på opp til 11%, og er for bratt for å oppfylle krava til universell utforming. Grunna terrenget og leidningar i bakken er det ikkje mogleg å få ein mindre bratt turveg. Pumpestasjonen vil ikkje ha krav til universell utforming.

7.9. Energibehov/energiforbruk

Moglegheit for å oppføre trafo er ivareteke i føresegner, tiltaket vil ikkje ha vesentlege verknader for energibehov. Behov og kapasitet i nettet avklarast med Linja AS i prosjekteringsfase.

7.10. Risiko og sårbarheit

I tråd med plan- og bygningsloven §4-3 er det gjennomført en ROS-analyse basert på sjekkliste frå DSB. Vurdering av sannsynlege og konsekvens er basert på erfaring frå tilsvarende tilfelle, statistikk og fagleg skjønn. Risiko for den enkelte hending er fastsett ved bruk av risikomatrise med kategoriene grøn, gul og rød risiko. For hendingar i røde områder er risikoreduserande tiltak påkravd. For hendingar i gule områder bør tiltak vurderast. Hendingar i grøne områder inneberer en akseptabel risiko.

Resultatet av risikoanalysen er oppsummert i tabellen med forslag til risikoreduserande tiltak.

Uønska hending	Risiko			Forklaring/Riskoreduserande tiltak
	Liv/helse	Stabilitet	Materielle verdiar	
Stormflo/ Havnivåstigning				Tiltaka vil ligge over kote +4 og blir ikkje råka av framtidig stormflonivå eller bølger. Landtaket for avløpsleidninga må bli bygd slik at det er sikra mot bølger. Reguleringsplanen tillate slik sikring.


Akutt forureining				Det vil være nødoverløp til sjø ved havari. Det er sannsynleg at dette kan inntreffe, men konsekvensane vil gi en kortvarig negativ påverking ved nødoverløp. Fleire lover og forskrifter ivareteke plikten til å forebygge å avgrense forureining (forureiningsforskrifta og forureiningslova).
Bortfall av elforsyning				Bortfall av energiforsyning vil medføre at pumpestasjonen sluttar å fungere, og dette kan gi utslepp til fjorden. Pumpestasjonen toler korte stopp. Kan bli løyst med tilrettelegging for enkel tilgang til mobilt reservekraftaggregat. Det er sannsynleg at dette kan inntreffe, men konsekvensane vil gi en kortvarig negativ påverking ved nødoverløp.
Svikt i avløpshandtering/handtering av overvatn				Svikt i overføringsnettet til det nye reinseanlegget kan føre til at ureinsa vatn går ut i recipientane via nødoverløp. Varsling og overvakning gjer at svikt kan oppdagast raskt. Det er sannsynleg at dette kan inntreffe, men konsekvensane vil gi en kortvarig negativ påverking ved utslippsområde. Handtering av overvatn er ivareteke i rekkefølgjekrav.

Med tanke på klimatilpassing vil ikke klimaendringar bidra til et endra risiko- og sårbarheitsbilde for det aktuelle tiltaket. Tiltaket omfattast ikke av fare for stormflo. Nærleik til sjø gjer at regnvatn kan ledast direkte til fjorden utan inngripande overvassløysingar. Overvatn handterast lokalt og ledast direkte til sjø. Opparbeiding av løysing for overvatn er sikra i rekkefølgjekrav. Det er ikke relevant med ytterlegare vurderingar knyta til naturbaserte løysingar eller klimaframskrivning.

7.11. Jordressursar/landbruk

Som følgje av planforslaget vil deler av eksisterande fulldyrka jord reduserast. Det gjeld for areal som skal nyttas til veg, avløpsanlegg og vegetasjonsskjerm. Totalt vil om lag 2 dekar fulldyrka jord og 0,5 dekar innmarksbeite bli permanent omdisponert.

Konsekvensane av tiltaket med pumpestasjon og ny tilkomstveg vil være negativ i form av at landbruksjord reduserast, tiltaket er likevel relativt avgrensa og vil ikkje medføre store verknadar totalt sett. Sett i større samanheng er kringliggende areal sett av til utbygging i framtida. Det settast krav til utarbeidning av matjordplan i føresegndene.



Figur 23 Planområde markert med svart linje, vist med arealressurskart i bakgrunnen. Mørk gul er fulldyrka jord, lys gul er innmarksbeite.

7.12. Teknisk infrastruktur

Det eksisterande reinseanlegget blir avvikla når ny pumpestasjon er etablert. Eksisterande bygg blir likevel ståande på grunn av eksisterande vassleidningar som må behaldast. Det vil være tomtearbeider og legging av nye leidningar i grunnen i tilknyting ny pumpestasjon. Plassering av leidningar ut i sjø skjer etter løyve frå kommunen.

7.13. Økonomiske konsekvensar for kommunen

Pumpestasjonen er ein del av investeringa av nytt avløpsreinseanlegg og overføringsleidningar i Ålesund og Sula kommunar, som i sum vil ha store økonomiske konsekvensar for kommunen. Gebyra vil auke for innbyggjarane.

7.14. Konsekvensar for næringsinteresser

For därleg avløpsreinsing kan medføre restriksjonar for bygging. Dette kan få store konsekvensar for næringslivet. Det er viktig å heve vasskvaliteten i Borgundfjorden. Det er derfor viktig å etablere et avløpsreinseanlegg med tilhøyrande overføringsleidningar og pumpestasjonar som bidrar til at en oppfyller krava til sekundærreinsing.

7.15. Interessemotsetnader

Det er interessemotsetningar. Regulariseringa er en del av prosjektet for å etablere nytt avløpsreinseanlegg og overføringsleidningar for Sula og Ålesund kommunar.

Staten krev bedra reining og kan innføre tiltak som restriksjonar for bygging og bøter for kommunen dersom avløpsreinsinga ikkje oppfyller krav. Prosjektet er av høg samfunnsnyttig interesse.

Næringslivet frykter avgrensingar i bygging av nye bustader og næringsbygg, og dei konsekvensane dette vil ha for næringsutvikling i kommunen.

Kommunens administrasjon har plikt til å jobbe for å oppfylle krav til avløpsreinsing og forhindre restriksjonar for bygging.

Innbyggjarane er bekymra for økte kommunale gebyr.

Grunneigar og nabo bekymra for verknader knyta til lukt og utsyn.

7.16. Samla vurdering av verknad for folkehelse

Tiltaket er ein del av prosjektet «BLÅ - fjordar for framtida», som er en viktig opprusting av avløpsreinseanlegg og overføringsleidningar i Ålesund og Sula. Velfungerande avløpsreinsing vil forhindre forureining i fjordane. Tiltaket vil bidra til ein reinare fjord og strandsone og dermed ha positiv verknad for folkehelse.

7.17. Vurdering av verknader

Gjennom byggeperioden vil det være aktivitet i tilknyting etablering av pumpestasjonen og ny veg. Anleggsarbeidet medfører nokke støy og støv i en periode. Dette vil være til ulempe for naboar.

Etablering av tilstrekkeleg reining av avløpsvatn er av høy samfunnsmessig interesse. Borgundfjorden har store natur- og friluftsverdier. Etablering av pumpestasjonen medfører arealbeslag på privat grunn, som forutsette grunnerverv. Det har vært dialog og medverking med grunneigar under utarbeiding av reguleringsplanen. Reguleringsplanen vil kunne danne grunnlag for ekspropriasjon.

Dagens reinseanlegg skal avviklast. Ny pumpestasjon vil bli etablert med luktfjerningsanlegg og lydfeller for å eliminere lukt- og støykonsekvensar.

Den nye pumpestasjonen vil bidra til at en kan imøtekommre reinsekravet, og dermed innfri lovleg avløpsreinsing. Dette vil bidra til et reinare fjordsystem som er bra for innbyggjarane som skal bruke fjære og fjorden til friluftsliv, samt at det er viktig for gyteområde for torsk i Borgundfjorden, som er av nasjonal verdi.

Ein unngår pålegg og bøter og restriksjonar for bygging i kommunen.

Ei samla vurdering tilseier dermed at det er større fordeler enn ulempar ved å bygge ut en pumpestasjon som kan føre avløpsvatnet til reinseanlegget på Kongshaugen.

8. Innkomne innspel

Det blei varsle oppstart av planarbeidet 10.02.23. Grunneigarar og myndigheter blei varsle i brev, og det var annonsert i Sulaposten. Frist for å sende innspel til planarbeidet var satt til 10.04.23. Det kom inn totalt 13 innspel. Det var også sendt ut ei tilleggsvarsling den 21.12.23 om justert plangrense til varsel om oppstart, fristen var da satt til 11.02.24. Det kom inn 9 innspel til tilleggsvarslinga. Alle innspela er oppsummert og kommentert i eiga vedlegg.

9. Avsluttande kommentar

Utslepp av avløpsvatn skal ikke føre til fare for helse og miljø. For ein større tettstad som Sula og Ålesund er Statsforvaltaren forureiningsmynde. Kor strenge krav som stilles avhenger av resipientens størrelse. Det er stilt krav om sekundærreinsing og unntak frå kravet er ikke mogleg. Dersom ikke kravet blir innfridd vil Statsforvaltaren kunne pålegge byggestans og bøter til kommunen. For å sikre utvikling i kommunen med bygging både for private, næringsliv og kommune må avløpsreinsinga oppgraderast.

Reguleringsplanen legger til rette for en pumpestasjon i Djupvika som skal føre videre avløpsvatn til nytt reinseanlegg på Kongshaugen. Utsett framdrift for reguleringsplanen vil få konsekvensar for når reinseanlegget kan bli tatt i bruk.

Vedlegg

Plandokument

- Plankart
- Føresegner
- Oppsummering av innspel til varsel om oppstart

Innspel til varsel om oppstart

- 13 innspel til varsel om oppstart
- 9 innspel til varsel om justert plangrense



asplan viak